

# Åttepardansen.

Tempo: Heile dansen = 1.35 min. ♩ = 84.

The musical score is written for piano and bass in 2/4 time, with a key signature of one sharp (F#). It consists of six systems of two staves each. The first system (measures 1-4) begins with a forte (*f*) dynamic. The second system (measures 5-8) includes first and second endings, with a piano (*p*) dynamic at the end. The third system (measures 9-12) features a crescendo (*cresc.*) and a forte (*f*) dynamic. The fourth system (measures 13-16) also includes first and second endings with a piano (*p*) dynamic. The fifth system (measures 17-20) includes a crescendo (*cresc.*). The sixth system (measures 21-24) starts with fortissimo (*ff*) and ends with a piano (*p*) dynamic. Measure numbers 1 through 24 are indicated throughout the score.

Attetårsdansen.  
(Rogaland.)

Oppstilling: 8 par i ring. Flere par kan òg dansa, det må vera like tal.

Steg: Bytomfotsteg med hopp, gåsteg, hoppsteg.

Tempo: Heile dansen 1¼ min.

Fyrste turen.


Para dansar kvarandre til møtes, helsar, snur, og dansar på plass: 1—8, 1—8. Opp att: 1—8, 1—8.

Gut og gjente gjev h. handa åt kvarandre, men slår med kroppen vendt rett inn i ringen. Hoftef. 1 med v. hand.

Fyrste og femte par tek til med ytste fot med appell og dansar kvarandre til møtes med 1 bytomfotsteg med hopp

og 2 gåsteg. På siste gåsteget gjer para ei lita helsing mot kvarandre. Snu brått heilt om, guten på v. og gjenta på h. fot, utan å sleppa opp handtaket. No fekk de ryggen inn i ringen. Tak til, guten med h. og gjenta med v. fot, og dans med 4 hoppsteg attende på plass, og snu så med ei lett helsing mot kvarandre utan å sleppa handtaket, så de kjem til å stå vende inn i ringen att. De skal berre snu dykk på siste hoppsteget, *ikkje* svinga rundt. Stega fylgjer vanleg reinlendartak!. Så dansar 2. og 6. par på same måten, og når dei er på plass, dansar 3. og 7. og til slutt 4. og 8. paret. Dei h'ne står stille medan dei figurerande para dansar.

De har no bruka nett så mykje av musikken som til ein heil tur i reinendar med turar. Så skal de dansa alt saman opp att ein gong til.



1 og 5, 2 og 6, 3 og 7,  
4 og 8 par fig. mot kv.

x2

Andre turen.

Halvkjede over til plassen beint imot: 9—16, 9—16.

Fyrste og femte par tek til med ytste fot med appell og dansar kvarandre til møtes med 1 bytomfotsteg med hopp. Så slepper de kvarandre, dansar endå eit bytomfotsteg med inste fot medan de smett igjennom, framom kvarandre. gjentene inst. Komne igjennom, tek de saman att som før, båe med h. hand, og dansar til motsett plass med 4 hoppsteg. Men denne gongen svingar de rundt med kvarandre når de snur på dei 2 siste hoppstega, så guten får gjenta på h. sida att. Så figurerer 2. og 6., 3. og 7. og 4. og 8. par på same måten over til motsett side.

dame imellem

Halvkjede attende til eigen plass: 9—16, 9—16.

Når alle har bytt plass, byrjar 1. og 5. paret att og dansar halvkjede over til eigen plass. Men no skal gutane gå inst når de smett igjennom framom kvarandre. Så dansar dei andre para etter tur over til eigen plass att, svingar rundt med kvarandre så gjenta kjem på h. sida åt guten, og stoggar så med andletet vendt inn i ringen.

herre imellem.

Tredje turen.

Kjede til eiga gj., snuing og kjede attende: 17—24, 17—24.

Snu mot kvarandre parvis, tak til med v. foten med appell og dans h. hands kjede med bytomfotsteg til de møter eiga gjente i kjeda. Trø ein appell, sving rundt med henne og kjed attende til de møter eiga gjente att.

Kæde tit møde med egen, lomg rundt m. denne kæde hjem igen

Husk at starte m. Appel.